

**BRATTHOLMEN SKULE***- Saman skapar vi framtida***Til SU-representantane ved Brattholmen skule:**

Maren Frøvik	FAU, leiar	vara: for kvarandre
Birthe Vallestad	FAU, nestleiar	vara: for kvarandre
Kjersti Ness	pedagogisk personale	vara: for kvarandre
Mikkel Foldnes	elevrådet, leiar	vara: for kvarandre
Adam Mahmmoud El-Khaled	Elevrådet, nestleiar (vara)	vara: for kvarandre
Ole Iben Våge	politisk representant	vara: for kvarandre
Liss Schumann	Kommunalt tilsett, sfo- leiar	vara: for kvarandre
Ingvill Kvalsnes Blom	kommunal representant, rektor	vara: Ingunn Kjelby

**Referat SU-MØTE****Onsdag 29.04.2026****kl. 18:00 - 20:00****Møtet vert på rektor sitt kontor, Brattholmen skule.**

Ikkje tilstade: Liss Schumann

**01/26: Gjennomgang av innkalling.**

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent.

**02/26: Saker frå Elevrådet**

SU ble orientert om aktivitetar som elevrådet har ansvar for.

Vedtak: Informasjon tatt til orientering.

**03/26: Saker frå skulen**

Nasjonale prøver – gjennomført på 5. trinn.

Lexplore – kartlegging av lesing gjev skulen viktig informasjon om kvar elev slik at ein kan hjelpe elevane på rett nivå. Skulen har få elevar som ikkje les, men har eit arbeid knytt til å auke leseglede gjennom satsing på skulebibliotek og leselærar på skulen. «Bokgutta» har vore eit UDIR finansiert prosjekt som gutar på 3. trinn har delteke på saman med leselærar.

Elevundersøkinga – vert gjennomført på 5.-7. trinn i oktober/november. Foreldra har fått informasjon. Resultata viser godt over snittet i kommunen på dei fleste områda. Skulen arbeider med tiltak på områda med lav score.



- eit fyrtårn i vest

## BRATTHOLMEN SKULE

- *Saman skapar vi framtida*

---

Uteområdet fungerer fint, skulen er svært nøgd.

Dette året har skulen hatt fleire alternative veker. Vi har delteke på energimessa og vi har hatt forskarveke, papp og papirkunstveke, «great britain week», skulen skal ha leike og uteskuleveke før vi tek sommarferie.

Undervisning både om grunnleggande ferdigheitar som lesing, skriving, engelsk og praktisk og variert undervisning er knytta til skulen sitt doble oppdrag med å danne og utdanne.

Vedtak: Tatt til orientering.

### **04/26: Saker frå FAU**

FAU ønsker rask informasjon frå skulen ved alvorlege hendingar.

Vedtak: Tatt til orientering.

### **06/26: Eventuelt**

Ingen saker

Vedtak: Sakane vart teke til orientering.

Med venleg helsing  
Brattholmen SU